



Lokal utviklingsplan for HALSNØY GRENDALAG

2015- 2026



**Halsnøy- ein triveleg stad å bu!
Mars 2015**

Forord

Halsnøy grendalag deltok i Finnøy kommune og Ryfylke Næringshage sitt prosjekt «Livleg Engasjement» i 2014-2015. Prosjektet som var retta mot å auke aktiviteten i lokalsamfunna i Finnøy ved å nytte grendalaga som utviklingskraft, motiverte oss til å setje gang og få etablert ein lokal utviklingsplan for Halsnøy grendalag.

Me nytta årsmøte i Halsnøy grendalag i 2014 til å setje tema på agenda. Vi arrangerte då ein work-shop og fekk innspel frå innbyggjarar i Halsnøy om konkrete tiltak til vår lokale utviklingsplan. Vi har sidan dette årsmøte gjennomført fleire samlingar der vi har invitert innbyggjarane med i prosessen. I eit møte laga vi scenario for lokalsamfunnet vårt. Eit scenarie er korleis vi kan anvende framtidsbilete for å forbetre framtidige avgjersler for ulike tema knytt til utvikling av lokalsamfunnet vårt.

Finnøy kommune vedtok hausten 2014 ein ny samfunnsdel av kommuneplanen (2014-2026). Denne samfunnsdelen er eit viktig dokument og er i tillegg til vår lokale utviklingsplan eit viktig dokument i vidare planlegging og gjennomføring av aktivitetar for framtida.

Vår lokale utviklingsplan skal vere eit levande dokument og verktøy. Med dette meinast at planen stadig må evaluerast og at nye strategiar mv. kjem til etter kvart. Styret i grendalaget må til ein kvar tid sikre seg at tiltaka vert gjennomført i eit samarbeid med innbyggjarar og andre som er målgruppe for planen.

Skartveit 01.03.2015.

Styret v/

Ragnhild Valand

Tone Amdal Skartveit

Bjarte Halsne

Karina Eike

Erling Halsne

Historia om Halsnøy Grendelag

Halsnøy Grendelag vart stifta 28. april 2006. På stiftingsmøte deltok Olav Halsne, Heidi Skifjell, Kjetil Ørnes og Sofie Bjerga Roth.

I Øyposten 21.09. 2006 kan ein lesa overskrifter som «Halsnøybuen mobiliserer» og «Bygdemobilisering på sitt beste». Grendelagsleiar Heidi Skifjell fortel til avisa at det var arbeidet med rulleringa av kommuneplanen som tende gnisten og som har ført til engasjement for halsnøybuen. -I tillegg ser me ei gledeleg utvikling på øya vår, folk er i ferd med å flytta tilbake og etablere seg på øya. Nå har me som mål å skapa vekst, trivsel og ei positiv utvikling for heile lokalsamfunnet vårt.

Halsnøy Grendelag vart registrert i Brønnøysundregistrene 17.12.2009 og deltek i grasrotandelen. Grendelaget er høyringsinstans for kommunen, og har sidan 2006 uttalt seg i ei rekke saker:

- Dispensasjon for oppdrett vest av Halsnøy (2007)
- Tildeling av kulturmidler
- Kommuneplanen 2006-2008
- Vegtrasé Fogn-Halsnøy (2008)
- Ny kommuneplan, samfunnsdel og arealplan 2014-2026



Skulen stod i fare for å bli nedlagt i 2011. Grendelaget innkalla til folkemøte i håp om å kunne redde skulen. Det gjekk ikkje, barneskulen blei nedlagt i 2012.

I 2014 var det barnehagen som var trua med nedlegging. Samstundes ville kommunen avbryte arbeidet med nytt byggefelt (Skartveitmarka 2). Igjen kalla grendelaget inn til folkemøte. Barnehagen blei redda medan byggefeltet stranda.

Talet på medlemmer i Halsnøy Grendelag har variert frå 67 medlemmer i 2006 til 38 medlemmer i 2014, og viser et gjennomsnitt på 50 medlemmer i året. Medlemsavgifta starta med 25 kr pr person i oppstartsåret, for sidan å auke til 75 kr. Frå 2015 blir medlemskontingenten sett til kr 100.

Grendelaget har utvikla et «årshjul» med faste aktiviteter på øya, 17. mai-markering, Skartveitdagen, tenning av julegrana, baking med barna før jul, adventskalender i butikken. Årlig blir det kåra «årets Halsnøybu» eller «Eikefjellets erobrere». Grendelaget ønskjer nye på øya velkommen med ei brosjyre og ei symbolsk gåve. Hjertestartaren er innarbeida i lokalmiljøet, og det blir halde oppdateringskurs med jamne mellomrom. For å finansiere hjertestartaren, starta grendelaget flaskeinnsamling. Nå er hjertestartaren fullfinansiert, men

flaskeinnsamlinga pågår framleis og blir brukt til andre felles-prosjekt. I 2009 fekk grendelaget støtte til kjøp av kano, og tilbodet med utleige av desse blir administrert frå butikken.

I løpet av åra som er gått, har grendelaget jobba med små og større prosjekt. Nokre har stranda, andre er blitt fullført, medan nokre framleis ikkje er komne i mål.

Ein av de første sakene som blei begynt på, var turstiar og merking av desse. Ideen kom i 2006, og endelig, i 2015, vil arbeidet vera fullført. Det er blitt skilt på øya, og informasjonstavler er på plass. Venterommet på ferjekaien har blitt oppgradert utvendig og sykkelstativ er på plass.

Ønskje om ballbinge på øya ble foreslått i 2007. Kunstgrasbanen sto ferdig i 2014.

Vegen til gravplassen er delvis blitt utbetra og det er blitt tilgang til vatn der, men vedlikehaldet og lettgrindene som i si tid ble lova, er framleis ikkje på plass. Ein «gjenganger» på grendelaget sine sakslister, er å skape trivsel på ferjekaien, med blomar og benker og velkomst-skulptur av noko slag samt merking av parkeringsplassar.

Den kommunale kaien er også ein gjenganger der kommunikasjonen går mellom grendelaget og kommunen.

Nokre saker har stranda, f. eks. Vegtrasé Fogn-Halsnøy, lekeplassen i byggefeltet, planane om parkområde ved Skartveitvatnet og post på utsida av butikken.

I 2015 arbeider grendelaget med å fullføre tursti-prosjektet, følgje opp Skartveit Kai og tomter på øya, trafikktryggleik, kampen mot brunsneglen, få i gang Web-side og enkelte trivselstiltak (beplantning/benker).



Fakta om Halsnøy (vil bli oversatt til nynorsk!!)

Halsnøy ligger i Finnøy kommune i Ryfylke i Rogaland. Finnøy er en øykommune bestående av 16 øyer med fastboende. Hovedøya heter også Finnøy, med kommunesenteret Judaberg. Her er knutepunktet for å komme rundt på øyene omkring, enten med ferje eller hurtigbåt. Tar du ferje eller hurtigbåt og kommer fra Judaberg, er Halsnøy det første anløpet du kommer til når du reiser nordover i kommunen.

Øya

Halsnøy er liten med et areal på 6km²km². Den er lang og slank og delt i to hoveddeler, platået Halsne i nord og Eikefjellet (211 moh) i sør. Utsikten fra Eikefjellet gir deg det meste av Ryfylke. Mellom disse to høydene, Halsne og Eikefjellet, ligger Skartveit som nesten deler øya i to med Skartveitvatnet. Navnet «Halsnøy» henviser til denne smale halsen som binder øya sammen. Øya er fruktbar med vakker natur. Terrenget er kupert med en del skog der det finnes blant annet rådyr, rev og mår. Fuglelivet er rikt, med bl.a en stor gråhegrekoloni. Halsnøy blir ofte kalt «saeøynå». Her er ca 700 sauer (4,6 sau per innbygger) og hvert år blir det født ca 1500 lam. Sauen trives i kulturlandskapet på øya. På Halsnøy vokser det ville bjørnebær og bringebær og en kan også finne sjeldne blomster og busker.

Næring på øya

Befolkningstettheten er på 28/km². Her bor det nær 150 fastboende (ca 50 husstander). I tillegg er det flere hytter og fritidsboliger. Bebyggelsen er spredd utover, med et byggefelt midt på øya. Veiene er smale, og det finnes 6,4 km asfaltvei. Selv om det ikke er mange igjen av de ordinære bondegårdene med melkekyr, er det mange som driver småbruk med sau/villsau, og det er også to gårder med hønseri. Mange driver gårdsbruket på deltid og har annet arbeid i tillegg. Ellers er det en del yrkesaktive som bor på Halsnøy og jobber i «vanlige» yrker enten på øya eller på Finnøy og omliggende øyer. Tre lakseoppdrettsanlegg ligger like utenfor Halsnøy. Gjestehavna og pakkhuset i tiknytning til Joker Skartveit, en familiedrevet butikk, er kanskje knutepunktet på øya. «Pakkhuset» er bare noen sesonger gammelt og er en utvidelse i forbindelse med gjestehavna. «Pakkhuset» rommer sommer-kafe, kurs- og konferanse-senter og et helsestudio. Lokalbutikken har også postkontor og innbyggerne har postkasse der, i og med det ikke er postombæring på øya. Ei dame har startet produksjon av diverse ullartikler av sauefell. Hun lager og syr tøfler, sitteunderlag mm. En annen har startet turistgartneri, hvor det produseres bjørnebær i drivhusa. I sommersesongen er det åpent for turister som kan smake på og kjøpe ulike produkt laget av bjørnebær. Barneskolen ble lagt ned for et par år siden, mens barnehagen, som var nedlagt, nå er i gang igjen.

Trivelsverdier

Den nedlagte skolebygningen blir brukt som grendehus. Her møter grendelaget til sine møter og hele bygda til 17. mai-fest og tenning av julegrana 1. søndag i advent. Høsten 2014 ble det kunstgressbane på øya, og hver søndag er det fotballtrening. Det finnes et bedehus, som også brukes som kirke med gudstjenester ca en søndag i måneden, dåp, konfirmasjon og begravelser. I forbindelse med kirkegården finnes et lite kapell. Grendelaget jobber for tiden med turstiene på øya, og merking av disse. Det er en rekke flotte tilrettelagte turløyper på øya. Det finnes vakre svaberg på den ene siden av øya, Sandskjær, og ei nydelig badestrand på den andre siden, i Nautvika, i tillegg til palmestranda i Skartveitvågen, Costa del Skartveit. I Skartveitvatnet midt på øya, kan en bade og padle i kano (utleie). I sommersesongen er kafeen åpen både for fastboende og turister, og sammen med gjestehavna og palmestranden, er det duket for aktiviteter og fellesskap i dette «knutepunktet». Grendelaget er til for å skape trivsel og tilhørighet på øya. Dugnadsviljen er sterk i lokalmiljøet og «alle» bidrar med hver sine oppgaver.

Suksesshistorier de siste årene

Gjestehavna

Kunstgressbanen

Turstiene

Engasjement for å beholde barnehagen

SWOT-analyse, november 2013 (vil bli oversatt til nynorsk!)

Halsnøy Grendelag gjennomførte en SWOT-analyse (streke sidar, svake sidar, utfordringar og moglegheiter) for å kartlegge nå-situasjonen på Halsnøy, og i grendelaget. Heidi Skifjell og Povl Nørgaard var med for å lede arbeidet.

- **Er lokalsamfunnet i en god og bærekraftig utvikling?**

Her ble begrensningene/hindringene trukket fram: Mangel på tomter og boliger på øya. Samferdsel, infrastruktur og kommunikasjon ble nevnt som utfordringer. På den positive siden ble det nevnt tilflytting av barnefamilier.

- **Har grendelaget tilstrekkelig fokus på vekst?**

Grendelagets visjon er å øke trivselen på øya, men visjonen er ikke sterkt formulert. Laget har et «årshjul» med diverse aktiviteter som adventskalende på butikken, tenning av julegrana, pepperkakebaking med barne, kåringer av «årets Halsnøybu/Eikefjellets erobrere», 17. maiarrangement, medarrangør av Skartveitdagen og hilsen til nye innflyttere mm For tiden jobbes det med å merke og utbedre turstiene på øya og få i havn ny kunstgressbane. Laget har ikke høye ambisjoner om nye aktiviteter. Gruppen er enige om at de bruker liten tid på å finne nye aktiviteter. Med mer fokus og hyppigere møter, er det mulig å jobbe bedre. Grendelaget scorer høyt på spørsmål om ressurser og kompetanse i lokalmiljøet. Det er lang tradisjon for dugnadsarbeid, og når oppgaver skal løses, finnes ressurser.

- **Er de full oppbakking i lokalsamfunnet for utviklingsarbeid?** Når innbyggerne blir spurt om oppgaver, er de lette å be. Som nevnt er dugnadsånd og ressurser til stede. En i grendelaget uttalte «det virker ikke som om de andre bryr seg så mye om arbeidet vårt i grendelaget». Kanskje det kommer av lite engasjement, eller kanskje årsaken ligger i at grendelaget ikke informerer godt nok om det de gjør? Det kom fram at informasjon fra grendelaget til befolkningen er mangelfull. Her er forbedringspotensialet stort. Alle på øya bør vite hvem som sitter i styret, hvor de kan henvende seg med saker, når neste styremøte er og få referat fra sakene det jobbes med. Det kom opp forslag om å sette opp referat fra møtene i butikken.

	Styrker	Svakheter
Interne		
	Muligheter	Trusler
Eksterne		

Moglege scenario

Skildring av moglege scenario!

Ideelt sett ønskjer dei busette på Halsnøy, at veksten i busetting held fram og at det er mogleg å oppretthalde arbeidsplassande på øya. Ei slik positiv utvikling ser dei at vil gjere det mogleg å vidareføre det kulturelle fellesskapet og den store viljen til friviljugheit i fritidsaktiviteter. For å teste realiteten av denne visjonen for Halsnøy, utforma arbeidsgruppa 3 alternative scenario til dette vekstsamfunnet med andre føresetnader, enn dei som ligg innebygd i vekstscenarioet.

Det arbeidet resulterte i scenario om **Pendlarsamfunnet** på Halsnøy, i det **Aldrande** samfunnet på Halsnøy og **Hyttesamfunnet** på Halsnøy. Dei tre alternative utviklingsspora for samfunnet på Halsnøy set den ønska gangen i utviklinga i perspektiv. Føremålet har vore å særskilt setje lys på kva politiske avgjersler som kan føre til at det me ønskjer ikkje vert fremja.

Tanken med dei 4 skildringane nedanfor er å teikne et bilete av ulike retningar, som utviklinga på Halsnøy kan ta i dei kommande åra. Retninga vil særskilt være påverka av busettingsveksten og høve lokalsamfunnet har til å moderere innflytelsen og effekten av dei kommunale politiske avgjersler, som alt anna, vil handle om sentralisering av kommunal service, skular og barnehagar.

Halsnøy – et lokalt vekstsamfunn

Talet på innbyggjarar har framleis ein stabil jamn vekst som har gjort det mogleg å bevare barnehagen på øya. Etter ein periode utan vekst fekk ein i 2016 igjen gang i salet av bustader og dei blei raskt kjøpt i overvekt av familiar med born, som såg eit høve for på sikt å kombinere bustad med dei frie yrker. Den nye profilen tilflyttarar var sterkt fremja av ei heilt ny offentleg tilskotsordning til etablering av små bedrifter i utkantstrok.

Gjennom privat-offentleg partnerskap lukkast det også at få etablert eit veksthus på Halsnøy med kontorfasilitetar, servicefunksjonar og breibandkafé – ein stad som er attraktiv både for nye iverksetterar og fastbuande som samlingsstad. Og med dei nye fastbuande blei det sett ekstra fart i etableringa av nye typar næringsnettverk.

Den tradisjonelt sterke viljen og kulturen for friviljug arbeid på Halsnøy fekk ekstra liv med dei nye fastbuande. Og denne sjølvstendekulturen som tidligare har bore oppbakkinga til fritidsaktiviteter mm. var sterkt medverkande til at det var mogleg å bli einige om å etablere veksthuset, som m.a. er finansiert via folkeaksjer.

Grendelaget som organisasjon er no blitt formalisert med eigentleg val, då det herifrå blir valde representantar til det nye Fellestrådet, som det tidligare kommunalstyre for Finnøy Kommune valde å etablere i 2019 ved kommunalreformen. Rådet medverkar til å halde fast på politisk påverknad i den nye storkommunen.

Samla sett er det skjedd ei lita stigning i talet på føretak, sjølv om talet på utøverar i primærnæringane fell. Blant dei nye føretaka er det mange sjølvstenig næringsdrivande, samt handel og service til hytteutleigerar. Det auka omfanget av båtreiseliv har danna grunnlag for veksten.

Halsnøy – et pendlarsamfunn

Halsnøy har blitt ein attraktiv stad å bu for familiar som set pris på nærleiken til natur og sjøen. Tilsegnen frå Fylket i 2017 om å halde stabile og uendra omfang i ferjeavgangane i 5 år fram, om folketalet held seg, fekk folk på jakt etter bustader til å sjå nærare på Halsnøy som ein mogleg stad for å kombinere bustad der og arbeidsstad i Stavangerområdet. Dei var også opptatt av det gode sosiale nettverket, som prega øya. Det var blitt gjort synleg gjennom ein profileringskampanje, som Halsnøy



Grendelag hadde sett i verk i 2015, for å presentere øya sitt sterke kulturelle fellesskap, til omverda.

Dei utlagde tomtene som hadde vore unytta i nokre år, blei med tilsegn frå politikarane, relativt raskt ferdig finansiert av private entreprenørar. Tomteprisen blei sett av marknaden, men likevel gjekk det overraskande raskt å få seld tomtene trass i høge prisar.

Dei nye tilflyttarane på Halsnøy var i høg grad metropol orienterte, samstundes med at dei sette pris på tryggleiken og nærleiken i lokalsamfunnet. Dei var svært opptekne av at borna deira skulle få dei beste utviklingstilhøva, både i skule og i fritida. Og dei prioriterte like ofte det beste tilbudet for borna, utan omsyn til avstand framfor å velge det lokale fritidstilbod på Halsnøy og dermed bidra til fellesskapet.

Dei tilflytta kom med ei anna haldning til frivillig innsats enn den, som gjennom mange år, hadde vore gjeldande på Halsnøy. Dei ville heller betale for aktivitetar enn bruke laurdagar til å arbeida for Grendelaget. Og dei var sjeldan representerte som leierar av fritidsaktivitetar – sjølv om dei nytta seg av dei!

Det blei eit ofte debattert tema i Grendalaget og av øvrige busette på øya, korleis dei kunne gjenetablere det gamle fellesskapet, der all kjente alle. Og det var konstant fokus på måtar å få ta vare på så mykje av fritidstilboda frå før, sjølv om tendensen var klar – særskilt aktivitetane for born føregjekk meir og meir på Finnøy.

Det aldrende samfunnet på Halsnøy

Halsnøy fekk ikkje den befolkningsveksten som skjedde på dei landfaste øyane til tross for fleire initiativ. Den manglande tilflyttinga førte til at befolkninga på øya er blitt eldre, m.a. fordi mange vart verande lengre i eigen heim. Ein har freista å imøtegå tendensen ved å i 2016 ha fått etablert eit offentleg privat partnerskap om byggjeklargjering av dei tomtane som hadde lege gjennom fleire år og venta, etter at kommunen hadde stoppa innsatsen deira av spareomsyn. Målet med det nye partnerskapet var å kunne styre både salspris og husutformninga i ei retning som kunne gjere bustadane attraktive for fleire typar tilflyttarar – både unge og eldre familiar. Eit initiativ som var understøtta av Kommunalplan



2014-2022 visjonen om å sikre jamn vekst i alle delar av Finnøy kommune.

Dei usikre tilhøva omkring samferdsel opp mot kommunalreforma gjorde likevel at det primært var seniorar som vart tiltrukne av dei ubebudde bustadane. Og dei tilflyttarane var svært opptekne av å kunne inngå i dei mange nettverk og sterke kulturelle aktiviteter som prega livet på Halsnøy.

Dei nye seniorane var ressurssterke og instilte på å ville bidra til fellesskapet. I samarbeid med Eldresenteret og Frivillighetsentralen fekk dei utforma nye typar aktiviteter som kunne halde eldre buande i heimen langt lengre enn det som tidlegare var vanleg. Nye IT- teknologiar via smarttelefonar understøtta denne prosessen, og gjorde livet mykje enklare for eldre med helseproblem.

Nye aktivitetar som Kulturcafé, café og fredagsklubb såg dagens lys på Halsnøy i dei åra. Og til og med ein 3D-kino med kraftig breidbandsnett, som muliggjorde direkte overføring av teaterførestillingar, konsertar o.l. frå storbyar i Europa. Vi har et levande kulturliv sjølv her på Halsnøy – for som dei sa: Når vi ikkje kan komme dit han er, så flyttar vi han då berre hit, til der vi er.

Hyttesamfunnet Halsnøy

Sentralisering av offentlege skular og anna service prega den kommunale politikken i tida fram mot kommunalreforma i 2019 – driven av manglande vekst i dei kommunale budsjetta og nasjonale krav om innstrammingar og einsretting av kommunal service, som kunne lette overgangen til dei nye storkommunane. Etter mange års vekst i innbyggjartalet i området nord for Stavanger skjer det ei stagnering fram mod 2020, som forsterkar desse sentraliseringstendensane.

Dei tendensane går verst ut over øyane som ikkje er landfaste, der det ikkje blir befolkningsveksten - også på Halsnøy. Det store politiske debatten om støtta til samferdsel og om sentralisering av særskilt skular, heimesjukepleie og

daginstitusjonar forsterkar usikkerheita om framtidige vilkår for busetjing på Halsnøy.

På fylkesnivå var ein opptekne av å halde fast på dei øyane i det som nå var tidlegare Finnøy kommune som ikkje er landfaste primært som naturområde, og avgrense veksten i busetnad. Den offentlege støtta til området var fokusert på utvikling av reiselivsbedrifter, og slagordet «Dei lyse og levande øyar» var fullt implementert og vart no brukt i landsdekkjande og internasjonale kampanjar for å synleggjere kvalitetane innanfor naturopplevingar og båtturisme i området. Det var vekst i reiselivsbedriftene, også på Halsnøy.

På Halsnøy var mange opptekne av å investere i fritidshytter, også til utleige. Denne utviklinga vart understøtta i ei endra arealforvaltning, så det i større grad var mogleg å skilje ut tomtar til hyttar på tidlegare LNF-areal. Fylket hadde sett grenser for storleiken på hyttene, og dei måtte ikkje brukast av fastbuande.

Med desse endringane blei talet på utleigehytter stigande, men det førte korkje til befolkningsauke eller auka vekst i næringar, for utleiga var som regel administrert av utleigebyrå. I Grendalaget var samferdsel eit emne som var ofte diskutert, for det var heile tida tale om innskrenkingar på grunn av mindre nytting av tenestane. Butikken overlevde i kraft av god aktivitet i båthamna, som var blitt ein svært kjend møtestad for båtfolket.

hytteliv

Befolkningsanalyse

Folketalsutviklinga på Halsnøy i 2000-2014

2000	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	
143	136	136	128	127	130	124	136	

Visjon

Halsnøy skal vere Noregs trivlegaste plass å bu

Strategiar, mål og handlingsplanar

Aktivitetstilbod

- Aktivitetstilbod for alle

Mål: Fritidstilbod til alle

Strategiske grep/ handlingar:

- Fleire aktivitetar på dagtid, gjerne med trim
- Fleire møteplassar på kveldstid (quiz-kveld)
- Fleire aktivitetar inn i årshjulet


Nyetablerarar

- Den føretrekte bustaden

Mål: 11% auke i innbyggartal innan 2020

Strategiske grep/ handlingar:

- Delta aktivt i kommuneplanarbeidet
- Jobbe for tomter
- Jobbe for fleire husklyngjer
- Jobbe for at det skal bli enklare å skilje frå tomter



Turistar, næring og fritid

- Leiande stad for småbåtturistar

Mål: Vi vil ha flest småbåtturistar. Vi vil ha fleire attraktive aktivitetar.

Strategiske grep/handlingar:

- Opp-gradere og profilere turstiane
- Legge opp til felles turar
- Sette ut benker
- Jobbe for tursti rundt Skartveit-vatnet, grue, gapahuk
- Jobbe for å få overnattingsstader på øya



Båt- og samferdsel

- Håpet om bru-forbindelse lever???

Mål: Oppretthalde frekvensen på ferjer og båtar. Vi ønskjer god forbindelse til kommunesenter, by og andre øyer. Vi må ha høve til å pendle!

Strategiske grep/ handlingar:

- Samarbeide med dei andre øyane for å leggje press på fylket

Helse

Mål: Auke aktivitetsnivået og sikre helsebringande tiltak

Strategiske grep/handlingar:

- Tursti rundt Skartveit-vatnet (joggeløype/lysløype/tilrettelagt for alle)
- Jobbe for trafikktryggleik (autovern mv)
- Jobbe for livstidsbustader

Oppvekst

Mål: Behalde barnehagen på øya

Strategiske grep/handlingar:

- Tomter, ledige bustader for barnefamiljar



Profilering/ marknadsføring

Mål: Halsnøy skal synast

Strategiske grep/handlingar:

- Oppegåande web-side (halsnoy.org)
- Tursti-kart
- Jobbe for portal ved ferjekaien, triveligare ferjekai-område
- Være synlege i Øyposten.

